

MØTEPROTOKOLL – REPRESENTANTSKAPET I SKNG

Møtedato	Tid	Møtestad
Tysdag 20. august 2024	Kl. 13.00-14.30	MS Teams

Til stades på møtet:

Medlemmer: Edel Kveen (Skjåk), Kristian Frisvold (Lom), Monica Håskjold Eide (Sel), Aud Gjørwad (Dovre) og Oddvar Romundset (Lesja).
Varamedlemmer:
Forfall: Vågås representant og vara
Andre: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG – sak 5/24 og 6/24
Kai Ove Riise, Sel kommune

Saker som vart handsama:

Sak 5/24 Protokoll og orienteringer
Sak 6/24 Val
Sak 7/24 Rekruttering av sekretariatsleiar

Andre opplysningar:

Møteinncalling: 12. august 2024
Møteleiar: Edel Kveen
Referent: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG – sak 5/24 og 6/24
Kai Ove Riise, Sel kommune – sak 7/24

Underskrifter:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i saksnummer 5 - 7/2024 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

**Utskrift av protokoll til:**

Medlemmer og varamedlemmer i representantskapet for SKNG.
Ordfører, kommunedirektør og kontrollutvalsleiar i kommunene Lesja, Dovre, Sel, Vågås, Lom og Skjåk.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandler/referent:
20.8.2024	187/24	5-6/2024	Elin Marit Andgard, SKNG
		7/2024	Kai Ove Riise, Sel kommune

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste godkjent.

Møteleiar Edel Kveen og Kristian Frisvold vart valgt til å skrive under protokollen.

Sak 5/24 Protokoll og orienteringer

Saksutgreiing

Møteprotokoll 12. mars 2024

Protokollen var sendt ut 3.4.24 til representantskapet, kommunene ved ordførar, kommunedirektør og leiar i kontrollutvalet.

Sekretariatet har ikkje mottatt nokon merknad.

Forslag til vedtak

Protokoll frå representantskapsmøte 12. mars 2024 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.

Vedtak

Protokoll frå representantskapsmøte 12. mars 2024 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.

Sak 6/24 Val

Saksutgreiing

Svein Holen har fått fritak frå alle sine verv i Vågå kommune. Kommunestyret vel ny representant til representantskapet for SKNG i neste møte (26. september) og inntil da møter vararepresentant.

Representantskapet bør bestemme korvidt dei gjer nytt leiarval i dette møtet eller venter til Vågå kommune har valgt ny representant.

Handsaming

Aud Gjørwad foreslo Edel Kveen som leiar.

Edel Kveen foreslo Monica Håskjold Eide som nestleiar.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Edel Kveen er valgt som leiar og Monica Håskjold Eide som nestleiar.

Sak 7/24 Rekruttering av sekretariatsleiar

Saksutgreiing

Hilde Holden har sagt opp som sekretær i SKNG.

Kai Ove Riise, verksemsleiar for fellestenester i Sel kommune, deltek i møtet og legg fram forslag til rekrutteringsprosess.

Handsaming

Utkastet til utlysning er gjennomgått. Stillinga må utlysast så snart som råd med tanke på budsjettarbeidet. Søknadsfristen er sett til 8. september, og tilsettinga vert avgjort den 18.09.24. Det er ikkje hensiktsmessig at heile utvalet deltek i tilsettingsprosessen.

Vedtak

Stillinga vert utlyst snarast råd.

Søknadsfrist er sett til 8. september og tilsettinga vert gjennomført i møte den 18.09. Leiar og nestleiar i utvalet deltek i prosessen med val av kandidatar til intervju og gjennomføring av intervju. Sel kommune har ansvar for dei administrative oppgåvene.

